



Kristoffer Toska  
Toskavegen 504  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2166 - 21/77348

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
17.11.2021

## Svar angående avløp på eigedom gbnr. 443/11 Toska

Vi viser til din e-post datert 13.11.2021 der du gjer greie for avløpsløysinga knytt til Toskavegen 504. Du opplyser at avløpsløysinga vart etablert om lag 1994/95.

Det er kommunens vurdering at avløpsløysinga er etablert utan søknad og godkjenning.

Alver kommune gjer deg merksam på at dette er eit søknadspiktig tiltak. Etablering av slamavskiljar krev godkjenning etter Plan- og bygningslova §20-1a. Det er også naudsynt med utsleppsløyve etter Forureiningsforskrifta §12-4.

Søknad etter Forureiningsforskrifta kan du stå for sjølv. Me gjer merksam på at du ikkje er registrert som heimelshavar til eigedom gbnr. 443/11 Toska, og det må av den grunn liggje føre fullmakt frå den som har heimelen til eigedomen.

Søknad etter Plan- og bygningslova må gjerast av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søkjar, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande.

Det må og leggjast ved avtale med eigar av gbnr. 443/64, Toskavegen 502 for rett til å nytta denne eigedomen sin utsleppsledning.

Har du spørsmål i saka kan du ta kontakt med Hogne Askeland, tlf. 56349006 eller på e-post hogne.askeland@alver.kommune.no

Med helsing  
Alver kommune Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Kristoffer Toska

Toskavegen 504 5936

MANGER